

Individuelt tilrette- lagt skoleskyss

retteleing til elev, føresette og skole



**HORDALAND
FYLKESKOMMUNE**

Agnes Mowinckels gt. 5,
Postboks 7900,
5020 Bergen
Telefon 55 23 90 00

www.hordaland.no



**HORDALAND
FYLKESKOMMUNE**

Rettleiing til elev, føresette og skole

Denne brosjyren er ei kortfatta rettleiing om rettar og plikter for elevar som har fått innvilga individuelt tilrettelagt skyss mellom heim og skole.

Retten til skoleskyss omfattar skyss mellom skolen og eleven si heimeadresse.

Unntak:

- skyss til/frå mor/far i dei tilfella foreldre har dokumentert delt dagleg omsorg/delt bustad
- til/frå avlastningsheim som er tildelt i kommunalt enkeltvedtak.

Elevar har rett på skyss til og frå skolen til skolen sine ordinære start og sluttider.

Faste hentetider må avtalast ved starten av skoleåret.

Skyssretten følgjer skolen si skolerute med inntil 2 turar pr. dag (tur/retur).

Skyssretten omfattar også skyss til/frå SFO når eleven i følge enkeltvedtak har undervisning lagt til SFO.

Drosjetransport er ei erstatning for eit alminneleg rutegåande transporttilbod noko som inneber at

- eleven må vere klar til avtalt hentetid
- føresette/skolen må følgje eleven til/frå bilen
- alle elevar blir samkjørt
- eleven/føresette må akseptere andre hentetider enn egne ønskje.

Sjåføren er ansvarleg for å hjelpe eleven inn og ut av bilen, sørge for at påbudt sikringsutstyr blir nytta og utføre transporten mellom heim og skole.

Sjåføren:

- skal ikkje foreta medisinerings e.l.
- har taushetsplikt
- skal møte til avtalt tid
- skal kjøre eleven trygt og sikkert mellom heim og skole
- skal gi beskjed til eleven/føresette/skolen dersom det oppstår forseinkingar.

ENDRINGAR I SKYSSOPPLEGGET

Skyss frå skolen i samband med at eleven blir akutt sjuk e.l. fell utanfor skyssretten etter opplæringslova.

Endring i hentetidspunkt og/eller henteadresse på grunn av aktivitetar som t.d. kinodag, skildag e.l. fell også utanfor skyssretten etter opplæringslova.

Føresette/skolen må gi beskjed til transportøren om sjukdom, fridagar e.l. som fører til at eleven ikkje treng skyss.